

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 4/24. Høyring: Revisjon av vilkår Aurlandsvassdraget

Saksopplysning:

NVE har lagt ut på høyring revisjonsdokumentet for vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget. Høyringsfristen er sett til 31.3.24.

Det er opna for at alle som ynskjer det kan senda høyringsfråsegn. For fjellstyret er det naturleg å konsentrera seg om dei tilhøva som er viktige for brukarane av statsallmenningen; jakt/villrein, fiske og beiteinteresser.

Heile revisjonssaka med innkomne innspel finn ein på denne nettadressa:

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=7535&type=V-1>

Aktuelle tiltak:

- Sommarvasstand i Vetlebotnvatnet: Gjeldande instruks for dette magasinet (brev frå OED 18.12.1978) seier at det i sommarsesongen (1. juli – 15. sept.) ikkje skal pumpast vatn frå Vetlebotnvatnet til Nyhelleren når vasstanden i Vetlebotn er under 1023 m.o.h., altså 2 m under HRV, som er 1025 m. Hafslund Eco ynskjer å kunna køyra med pumping heilt ned til kote 1020. Argumentet deira for dette er at køyringa av kraftstasjon og pumping då vil verta meir fleksibel, og ein unngår nokre stopp-/startepisodar i Aurland 3. Eg vil tru at 5 m tapping av magasinet under HRV om sommaren vil verta svært dårleg motteke av dei som driv med fiske i vatnet, og meiner fjellstyret her bør prioritera fiskeinteressene. Det tilseier at vilkåret om at vatnet ikkje skal under kote 1023 i sommarsesongen bør haldast på og koma inn i dei nye konsesjonsvilkåra.
- Sommarvasstand i Vestredalsmagasinet: Gjeldande instruks frå OED (brev 18.12.1978) seier at vasstanden så vidt mogleg skal haldast over kote 1150 i sommarsesongen, d.v.s. ikkje meir enn 2 m tapping under HRV. Her føreslær Hafslund Eco at omsyn til flaumdemping og omsyn til minstevassføring i elva (Stemmerdøla, 1 m³/sek.) skal ha prioritet framfor å halda denne vasstanden i magasinet. Eg meiner fjellstyret her bør prioritera fiskeinteressene og gå for ei formulering i vilkåra som seier at vatnet ikkje skal tappast under kote 1050 i tida 1.juli-15.september, og at dette berre kan fråvikast av omsyn til flaumdemping. Minstevassføringa i Stemmerdøla vil i alle høve vera sikra gjennom at det er lagt inn eit røyr som gjev inntil 1 m³/sek til elva.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 4/24, side 2.

- Betra tilhøva for villrein: Rapporten drøftar over fleire sider (s 108-112) konsekvensar som kraftutbygginga kan ha hatt for reinstrekka i villreinområdet, med utgangspunkt i kravet om revisjon som villreinutvalet og villreinnemnda sende til NVE i 2017. Der var dei neddemde trekka kring Nyhellermagasinet trekte fram som dei viktigaste, når det gjeld ulemper utbygginga har hatt for villreinstamma. Dette er heilt i samsvar med det som har vore fjellstyret si haldning i dei 50 åra som har gått sidan den første konsesjonen vart gjeven. Eit utdrag frå ein uttale dåverande fjellstyre sende til Aurland formannskap i 1973, i samband med Oslo Lysverker sin søknad om endring av konsesjonen til å gjelda oppdemming av det store Nyhellermagasinet, kan illustrera dette: *«Aurland fjellstyre finn reguleringsendringi so omfattande, og med so uheldige innverknader, at vi vil frårå søknaden. Skulle konsesjon likevel verte gitt etter den nye plan, må det reisast ein del tiltakskrav.....Millom Volanut og Vampen, og frå Vampen over Kongshellerelv, vil den nye dammen bli forholdsvis grunn. Her må det fyllast ut kunstig trekk for for rein.»*

Seinare, i framkant av overskjønnet som vart halde for å fastsetja erstatningar for ulemper utbygginga førde med seg, fekk fjellstyret utarbeidd ein eigen rapport for å dokumentera ulempene for jakta og reinnstamma (Per Aksel Knudsen 1989: Aurlandsreguleringens innvirkninger på villreinens habitatbruk og skader på jakten). Mykje av dokumentasjonen som vart lagt fram i denne er nytta i seinare rapportar. Det gjeld t.d. figuren på side 110 i revisjonsdokumentet, som syner eksisterande og brotne trekkvegar i Nyhellerområdet.

Det som er positivt å registrera, er at Hafslund Eco no ikkje avviser at utbygginga kan ha hatt negative konsekvensar for villreinen, og at det kanskje er på sin plass at regulanten gjer nokre grep for å betra tilhøva. Sjølv om dei langt på veg vurderer spørsmålet om ein terskel eller «landbru» over Kongshellersundet på same måte som under overskjønnet i 1993 (vart då avvist av skjønnsretten p.g.a. vurdering av kostnad/nytte), går dei så langt i ein ny retning som å skriva følgjande: *«På den annen side ser vi at Nyhellersundet kan være et velegnet sted å prøve ut denne typen tiltak viss man noen gang skal gjøre det. Det er 80-90 m på det smaleste og trolig ikke veldig dypt. For å få bedre kunnskap om bunnforholdene her er det høsten 2023 gjennomført en kartlegging av sundet ved hjelp av grønn laser. Disse dataene er ikke bearbeidet enda.»* (Kongshellersundet, som er eit lokalt innarbeidd namn etter oppdemminga, vert i rapporten konsekvent omtalt som «Nyhellersundet.» Det er kanskje noko som fjellstyret bør påpeika og be om å verta endra).

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 4/24, side 3.

Revisjonsdokumentet syner elles til ulemper for villreinen som andre aktørar har vore årsak til, og at desse kanskje kan vera vèl så store som dei som kraftutbygginga har ført med seg. Det vert og vist til tiltaksplanen for villrein, som no er under handsaming i direktorat og departement, og teke til orde for at ev vedtak om avbøtande tiltak vert utsett til etter at tiltaksplan og stortingsmelding er vedteke.

Konklusjonen er likevel at regulanten vedgår å ha eit «eigarskap» til nokre av problema for villreinen i Nordfjella, og reknar vidare med å bli pålagt å betala inn til eit felles villreinfond. Det vert argumentert for at kostnaden med eventuelle tiltak må dekkast av dette fondet, og ikkje påleggjast regulanten åleine (til opplysning kan nemnast at fondet for Nordfjella no inneheld om lag 10 millionar, etter vilkårsrevisjonar i Hemsedal og Hol). For fjellstyret vil det ha lite å seia kor pengane vert henta, berre tiltaka vert gjennomførde.

- Fisk: I rapporten vert det stilt spørsmålsteikn ved om fiskeutsetjingar i reguleringsmagasina framleis kan reknast som veleigna tiltak. Hafslund Eco planlegg å ta kontakt med Statsforvaltaren for å drøfta dette i 2024. Til dette er å merka at erfaringane er at utsetjingspålegga, slik desse vart utforma av DN i 1983, ikkje ville ha fungert etter intensjonen dersom dei vart følgde slavisk. Når ein derimot tek omsyn til fiskeintensitet ut frå fangstrapporatar, og prøvefiske som dokumenterer tilstand og kvalitet på fiskebestanden, og justerer utsetjingsmengdene ut frå dette, har resultatet synt seg å verta bra. I dag kan ein trygt seia at alle regulerte vatn i statsallmenningen har attraktive fiskebestandar å fiska på. Men det er svært viktig å følgja opp kravet som ligg i gjeldande konsesjonsvilkår, § 9, pkt. 6: «*Konsesjonæren plikter å bekoste fiskeribiologiske undersøkelser innan reguleringsområdet.*» Likeeins bør det vera rimeleg at fjellstyret går inn for å behalda pkt 1 i den same paragrafen: «*Å sette ut yngel og/eller settefisk. Vedkommende departement bestemmer også hvilke fiskearter og -stammer som skal benyttes, samt tid og sted for utsettingen og fiskens størrelse og kvalitet.*»

Framlegg til uttale:
(vert lagt fram i møtet)

Fjellstyrekontoret, den 2.2.24

Harald Skjerdal